Nine Days with a Rental Car in Tasmania
By Edmund Schilvold

This is a travel diary from my week-long road trip in "Tassie" (as the Australias affectionately call the island) back in May 2003, a time of the year which in southern Australia and Tasmania is similar to September or October in Northern Europe. In other words, I visisted Tasmania early in the fall season, and this turned out to be an excellent time for a road trip, due to the fairly moderate temperatures and the amazing moods created by thick morning mists, late, golden sunrises and, in some places, vibrant autumn colors. I made this trip to Tassie while living as a design student in Sydney, where I was renting an small apartment in the district of Surry Hills. The language of the diary is Norwegian (Nynorsk; the New Norse variant), for although my English had improved immensely over the course of the fourteen months I had by then spent "down under", I was not yet fluent enough in my second language to compose the kinds of elaborate descriptions of my experiences of nature which I wanted to include in it.

File created on May 8, 2003.

19. april 2003:

Dag 1:

På føremiddagen den 19. april ringde eg opp ein av drosjesentralane, tok den store, grøne sekken på ryggen og ein annan, mindre sekk i handa, og manøvrerte meg ut av døropninga. Heisen tok meg ned til fyrste etasje, og eg gjekk ut av bygninga og ned trappa til gatenivå. Regnet silte ned, men eg hadde paraplyen klar og rekna med at drosja snart ville plukka meg opp. Tjue minutt seinare var det openbart at noko var gale. Eg fann fram den nye mobiltelefonen min, ringte opp sentralen og vart sett på vent. Fleire minutt seinare kom eg endeleg fram, og eg spurte irritert kvifor inga drosje var å sjå. Som eg

mistenkte hadde heile saken vorti rota bort. Eg gjekk over til eit busstopp for å vera meir synleg og vinka til den fyrste drosja som kom forbi. Eg hadde nettopp lasta inn bagasjen og sett meg inn då ei anna drosje køyrde forbi og stoppa rett utanfor bygninga. Sjåføren kom ut og såg seg forvirra omkring. So drosja eg hadde vinka til var ikkje den eg hadde tinga. Vel, det fekk no vera det same, so sein som eg allereie var. Eg lot som ingenting og ignorerte den andre bilen. Vel frame på flyplassen sjekka eg inn hos Virgin Blue og gjekk letta til ventehallen. Resten gjekk smertefritt. Etter knappe to timar var det tid for skifte av fly i Melbourne. Turen til Hobart gjekk på litt over ein time, og tok oss rett sørover, over The Bass Strait og nordre Tasmania. Dei siste ti minutta flaug me berre nokre hundre meter over bakken, og eg kunne for fyrste gong sjå utover landskapet. Det var eit fagert syn, eit land av grøne beitemarker og skogdekte åsar. I det gylne ljoset frå den låge sola var fargane djupe og sterke, ein bankett for auget. Me landa på ei halvøy austafor hovudstaden, og overalt var det grønt gras og tre å sjå. Det kunne ikkje vera store flyplassen, tenkte eg, og det stemte. Med tanke på at dette var hovudflyplassen for Tasmania var han overraskande liten, knapt større enn Torp heime i Noreg. Men eg hadde komi for å få eit avbrekk frå storbyen, so eg var vel nøgd med dette fyrste inntrykket av Australias sørlegaste og minste stat. Det faktum at bagasjen vart frakta inn i hallen av ein motorisert slede med tre-fire vogner, og ikkje på eit rullebelte, var endå meir overraskande, og forsterka kjensla av at dette ikkje var store staden. Etter alt trøbbelet med bagasjen på jorda-rundt-turen i desember og januar vart eg svært letta over å finna den grøne sekken på ei av vognene. Eg plukka opp nøkkelen til leigebilen eg hadde tinga frå disken til Europacar, og vandra spend ut i solskinet. Ein turkis sedan venta på meg under skilt nummer fire. Det var god plass i bakrommet til sekkene, og lukta av ny bil kilte i nasen då eg sette meg inn. Ei god kjensle var det å sitja bak rattet att etter fleire månader utan noka bilkøyring. Bilen bak meg, og ein leigebil, vart starta opp, og eit par minutt seinare for han avgarde. No hadde eg nok av plass til å svinga ut og byrja utforskinga av Tasmania. Sola var nesten nede bak åsane då eg la flyplassen bak meg og dro austover. Eg igorerte Hobart inntil vidare, og sette i staden kurs for The Tasman Peninsula. Hovudvegen låg snart bak meg, og eg køyrde sørover gjennom høgreist skog av kvitstamma aukalyptus. Her og der var det mindre gardsbruk og glenner å sjå, men sjølv i halvmørkret var det klart at naturen var langt meir urørd enn eg hadde venta.

Mange bilar kom imot meg med frontlyktene tente og forsvann i motsett retning. Sikkert lokale folk på veg heim etter dagsturar. Me var under ein time frå Hobart, so det var vel berre å vente at dette området kunne verta folksamt i helgene.

Ved ei lita bygd kalla Dunalley kryssa eg eit smalt eid der landet var berre nokre meter breitt. Eg hadde no lagt fastlandet bak meg og var på The Forestier Peninsula. Denne øya er knytta til Tasman-halvøya av eit anna eid lenger sør. Vegen gjekk opp og ned og i tallrike svingar gjennom det skogkledde landskapet. Det var no nesten svart, men eg stoppa ved eit utkikkspunkt og studerte konturane av den austre kystlina. Nede ved eit nytt eid, mellom trea, såg eg talrike ljos frå lykter og vindauge. Dei kom frå ei anna lita bygd som tok namnet sitt frå den smale landbrua rett ved, Eaglehawk Neck. På austsida kunne eg sjå vide, kvittoppa vågar vaske inn over ei fleire hundre meter lang strand. Bortanfor stranda skulle det vera nokre flotte klippeveggar, men mørkret hadde senka seg og tvinga meg til å utsetje turar ut i terrenget. Ned til bygda bar det, og inn på ei smal sideveg som skulle leie til eit hostel. Fem minutt seinare fann eg eit skilt, men staden verka underleg stille og forlatt. Eg fann det betre å halde fram og heller sjå meg om etter andre plassar å overnatta. Eg rota omking i mørkret ei stund og såg fleire bortgøymde hus av tre og bølgeblikk som gav assosiasjonar til eksentriske einebuarar med hatt og skjegg og børse under armen. Berre litt over ein time frå Hobart var det som om eg brått hadde hoppa tilbake til pionertida. Alt var stilt, berre brumminga frå motoren og eit og anna bjeff var å høyre. Skrømt og hillbillys kunne når som helst hoppe ut av buskane, so eg snudde bilen om og dro attende til sentrum av bygda.

På vestsida av eidet kunne ein enno sjå vatnet i bukta, blankt som eit spegl og fylt med farge frå den mørkeblå himmelen. Eg dro vidare gjennom natta, på leit etter ein passande stad å stoppe for natta. Å sova i bilen var noko eg hadde lyst til å prøva ut, men berre om eg kunne finna ein trygg og stille stad der ingen ville koma forbi. Eg studerte kartet og sette kurs for Roaring Beach, eit naturreserve ved enden av ein sju kilometer lang grusveg, eit godt stykke unna den næraste bygda. Støvet virvla opp kring meg og bilen rista, og det var ikkje fritt for at eg spurde meg sjølv kva eg gjorde ute i svarte skauen klokka sju om kvelden, på ein bratt og svingete veg til ein strand eg aldri hadde sett. Då

eg stoppa for å studere kartet på nytt kom ein bil forbi og stoppa ved sida av meg. Vindauget vart rulla ned og ein skjeggete, gråhåra fyr spurde meg om alt var OK. Eg takka og vinka han vidare. Nokre minutt seinare peika eit skilt ut vegen ned til naturreservatet. Eg fann ein tom plass, stoppa bilen og pusta letta ut. Eg kunne høyre suset frå sjøen ikkje langt unna, men det var for mørkt til å sjå noko. Ein time seinare kraup eg ned i soveposen og låg i nesten horisontal stilling i bilsetet. Eg skulle hatt ei pute, men ellers var det ikkje so gale. Eit skjerf bak nakken hjalp litt, og eg var for trøytt til å plundre vidare. Ute var ein månesigd på veg opp, men eg hadde ei sovemaske med og vart ikkje plaga av ljoset. Eg sov faktisk overraskande godt og vakna berre eit par gangar.

20. april 2003:

Dag 2:

Då morgonen kom var bilen full av dogg, båe inne og ute. Trekronene var bada i gull av morgonsola, men lufta var enno rå og kald. Der det enno var skugge hang skodda kvit og ullen over graset. Eg hadde rosinar og kjeks til frokost, og sette av garde so tidleg som mogleg for å sjå landskapet medan ljoset var ungt og vegane enno tomme. Tåka gav det grøne, frodige landskapet ei kjensle av mystikk og magi, og dansande alvar ville ikkje ha vori noko overraskande syn. Somme stader beita kveg i glenner i skogen, og den varme pusten deira vart til kvit damp i møtet med lufta. Vel ein halvtime seinare kom eg til Port Arthur, ei lita bygd som byrja med etableringa av ein koloni for britiske straffanger på 1800-talet. Med unnatak av nokre gamle bygningar var det lite som minna om staden sin brutale historie. Rett sør for bygda fann eg ei vakker bukt der folk med fiskestenger var på veg ned til båtane sine. Litt lenger sør, ved enden av vegen, kunne eg sjå nokre spektakulære klippar i det fjerne. Dro ein rett sørover herfrå var neste stopp Antarktis, filosoferte eg.

Trass i det fagre landskapet kribla det i blodet, og eg dro nordover att. Eg kunne heller utforska Tasman-halvøya vidare ein annan gong. Det var dessutan var påskeferie, og truleg ville snart området kry av feriefolk.. Eg dro opp til Eaglehawk Neck og kjende meg straks att frå kvelden føre. I dagsljoset kunne eg halde ein høgre fart, og det tok ikkje lenge før eg var attende på hovudvegen til Hobart. I utkanten av byen svingde eg nordover og inn på The Midland Highway. Det var inga store forstader kring sentrum, og eg var snart ut i ope landskap att. The Midlands var eit meir flatt, trelaust område med vide beitemarker og skogkledde høgdedrag. Mykje av graset var gulna, og fekk meg til å tenkja på filmar frå Nord-Amerika og prærien der. Ved ein liten stad kalla Melton tok eg nordvest i retning Bothwell, og var so godt som aleine på vegen. Horisonten var vid, himmelen blå og kjensla av fridom sterk. Kartet indikerte at det berre var gardsbruk og villmark og ei og anna bygd mellom min posisjon og byen Deloraine nord på øya. Eg stoppa jamnleg, men avstandane var ikkje so store, og etter ei stund hadde eg nådd Great Lake, ein av dei største innsjøane i Tasmania, men diverre stygt merka av regulering og skiftande vasstand. Fleire stadar langs breidda stakk svarte trestubbar opp av vatnet, og ved den nordre enden av innsjøen sto ei mengde små hytter. Ikkje villmark etter norske standarder, nei. Eg var no relativt høgt over havet, og vegetasjonen hadde skifta til brunt kratt og skog med låge, krokete tre. Opphavleg hadde eg tenkt å overnatta i teltet ved eit av vatna i området, men horisonten var flat og keisam, og landskapet ikkje kva eg hadde håpa på. Eg for vidare, ned frå platået til meir oppmuntrande omgjevnader. Landbygda kring Deloraine og Mole Creek var grøn og fager, og i nærleiken av Mole Creek gjekk vegen gjennom frodig regnskog, ei påminning om korleis området såg ut for tohundre år sidan. Eg fortsette vestover, passerte turistmaskinen Cradle Valley og kom til slutt inn på The Murchison Highway. I området vidare nordover var effektene av skogsindustrien på landskapet lette å sjå. Mil etter mil med flatehogst og plantasjeskog gjorde denne delen av turen til ein trist og deprimerande oppleving. Europerisk furu dominerte mange av plantasjane, tjukke, mørke monokulturar av tømmer på geledd. So dette var og Tasmania, tenkte eg, eit Tasmania som passa dårleg med turistindustrien sine slagord. The Green State? The Woodchip State ville vera eit betre namn på denne staten som enno driv øydeleggjande hogst i sine siste restar av urskog.

Etter slike tunge tankar var det godt å sjå havet att i horisonten. Eg kom ned i frodig jordbruksland og var ikkje lenge etter i den vesle byen Wynyard. Det var nesten mørkt no, og eg stoppa ved ein kampingplass. Til alt hell fekk eg eit billig og triveleg lite rom, og klokka var berre litt over åtte då eg kraup i seng. Det hadde vori ein lang dag med ille mykje køyring, og det gjekk lett å falla i svevn.

21. april 2003:

Dag 3:

Morgonen var enno ung då eg vakna og varma vatn for ein kopp tomatsuppe. Smaken fekk meg til å tenkja på dagane i Årdalen i Aust-Agder. Då hadde eg vakna til å sjå skodda driva over blankt og stille vatn, over ei elv heim til båe bjor og aure, og eg hadde varma vatn over leirelden medan sola forvandla dei grankledde åsane i vest til brennande gull. Det hadde vori ei oppleving å døy for, so langt frå røynda dei fleste menneske i byane kjende. No var eg her, ved ei strand mange tusen kilometer unna. Eg vandra gjennom det doggvåte graset, og tykte eg kunne sjå rim på dei kvite stråa. Lufta var frisk og god, ikkje ulik haustlufta ein gul septemberdag i Noreg, og i aust måla sola den kalde himmelen med ljos i varme fargar. Eg sette meg på eit stykkje tørr drivved, og høyrde sjøen trekkja pusten og kjærteikna landet. Klokka åtte kunne eg levera nøkkelen og dra vidare, men enno hadde eg ei halv time. Bilen var dekka av dogg som dagen føre, og eg tente motoren for å få opp varmen og klare opp vindauga.

So snart nøkkelen var i rette hender, køyrde eg gjennom Wynyard sentrum på leit etter ein gardsveg som skulle leia opp på Table Cape, ei høgd rett utanfor byen som lova flotte utsyn. Vel inne på denne vegen såg eg utover eit blendande grønt landskap medan motoren brumma godmodig i bakkane og dro bilen nærare toppen. Synet utover landet under var av typen som får deg til å fryse på ryggen av glede, og eg sende ein tanke til mitt kjære Irland. Vegen tok meg tvers over den flate høgda, over til den andre sida. På kanten av klippane skoda eit snøkvitt fyrtårn utover det glitrande havet, og djupt under

føtene mine brusa vågane muntert i møtet med tangkledde steinar. Lakotakrigarar som rei til eit slag sa ofte at "I dag er ein god dag å døy". Dette tydde ikkje at dei hadde noko ynskje om å enda livet, men at dei kunne gå til den andre sida med glede i hjartet, skulle dauden koma. Lik vikingane vona dei livet ikkje ville enda på sotteseng. Eg kan berre om at min time kjem på ein slik dag, ein utan sorg og anger, ute i den store veven av liv.

Fra Table Cape for eg vidare vestover. Sola varma godt, og eg opna alle vindauga i bilen og let vinden leika med håret lik ein pilot i eit open fly. Eit par timar seinare kom eg til Marrawah, ei knøttlita bygd der den asfalterte vegen enda og vestkysten byrja. Føre havet var kjensla av fridom atter stor. Ei vid bukt omfemna dei glitrande vågane, og sjøfugl på matjakt spankulerte att og fram ute på grunnene. Eg hadde god lyst til å slå opp teltet der, men dagen var enno ung, so eg dro vidare på den einaste moglege vegen sørover langs nordvestkysten, ein nesten tohundre kilometer lang grusveg kalla The Western Explorer. Fyrste del av vegen var relativt jamn og vid, men dei fleste andre køyretyga eg såg var av den firehjulsdrivne typen, pakka med reservehjul, bensinkanner og kampingutstyr. Ikkje noko godt teikn, tenkte eg, og undra om eg ville komme i hug korleis me skifta hjul sist eg punkterte. Eit skilt varsel forbipasserande om at mobiltelefonar var ubruklege i dette området. Vel, det var lite overraskande. Eg ikkje hadde hatt noko signal sidan eg dro frå Hobart. Vegdekket vart grovare og grovare, og heile bilen vibrerte og rista. Hundreogfemti kilometer med god fart på slikt føre kunne koma til å drepa støytdemparane, det var eg klar over, men eg trøysta meg med at eg i alle fall hadde forsikring. Stundom slo stein inn i understellet som geværskot, men litt juling måtte då ein ny bil tåla?

Vidare bar det, gjennom eit folketomt og ugjestmildt landskap, dels dekka av skog, dels kledd i stritt gras og brungrøn lyng. Eg sakna synet av elver og vatn, men minna meg om at dette var Tasmania, ikkje Hardangervidda. Himmelen var no tung og grå, og gav landskapet ein alvorsfylt stemning. Køyringa var ein utfordring i seg sjølv, og vegen vart berre brattare og meir svingete for kvar kilometer. Litt for høg fart, og eg ville skli på grusen og rett ned ein av skråningane. Om lag tre timar seinare kom eg endeleg til Pieman River, ei historisk elvekryssing der ein og kunne overnatta. Fra Pieman River var

det berre nokre få kilometer til asfaltert veg. Ein motorisert plattform kunne ta opptil to bilar over av gangen, men eg var trøytt og sliten og valde å venta med kryssinga til neste dag. Eg leide ei hytte med fire sengar, det minste dei hadde, og inspiserte bilen. Alt var dekka av eit tjukt lag brunt støv, men hjul og understell såg ut til å vera i orden. Hytta var spartansk utstyrt, men hadde i alle fall ein vedfyrt omn og ein gasskomfyr. Utanfor vandra folk omkring i raudrutete Canada-skjorter med ølflaskar i handa og fjeset fullt av skjeggstubbar. Det var ein nesten komisk scene, som ein film frå ein gruveby i Alaska. Eg bladde igjennom nokre aviser meina som opptenningsmiddel, på leiting etter noko lesbart. Etter at mørkret hadde senka seg kom ljoset endeleg på, men duren frå generatoren var irriterande høg. Eg var budd på slike problem, og gjekk til sengs med silikonpluggar vel planta i øyra. Litt av ein dag hadde det vori, det var sikkert.

22. april 2003:

Dag 4:

Denne morgonen vart eg tvinga til å venta litt med å setja av garde, sidan kabelferja ikkje var i operasjon før klokka ni. I hyttene omkring byrja folk å vakna opp, og søyler av røyk vella snart opp frå skorsteinane. Ved elva reiste regnskogen seg opp frå det mørke vatnet, og vaks stille inn i ein grå og ullen himmel.

Då eg nådde den andre sida, sette eg opp farta og kom snart til enden av The Western Explorer. Eg var glad over å ha lagt denne delen av ruta bak meg utan problem av noko slag. Strålane frå sola skar gjennom alvelandet og sette lufta i brann, og det varte ikkje lenge før himmelen var blå frå aust til vest. Ein halvtime seinare fann eg ein grusveg som skulle leia ned til sjøen. Lite av kysten hadde vori synleg frå The Western Explorer, og eg lengte allereie etter å sjå att havet. Ein firehjulsdriven bil hadde passa langt betre, men eg let det stå til og vona eg ville ha lykka med meg denne gongen og. Vegen slynga seg over høgdedraga mot horisonten. Det var meir enn førti kilometer til sjøen, og mykje av vegen var lite anna enn eit grusfylt traktorspor. Men eg hadde god tid no, og takla kvar sving

roleg og varsamt. Etter vel ein halvtime såg eg havet reisa seg over dei graskledde slettene som eit horisontalt band, skilt frå kvelven berre av tone, ikkje av farge. Minutt seinare såg eg Trial Harbor under meg, ein gong ei viktig hamn for gruveindustrien i området. Men dette var langt frå nokon perfekt hamn, og mange sjømenn hadde møtt sin lagnad her. Den vesle bygda her hadde ein gong vori ein liten by, men var no redusert til ei samling feriehus ved verdas ende. Eg kunne sjå skjær stikka opp av vatnet kring bukta som levningar av gamle skipvrak, men havflata låg still og tilsynelatande venleg i solskinet, og lite minna om gløymde drama. Lange strengar av seig, svart kelp, ruska opp frå djupet av stormane, låg til tørk på den kvite sanden, her og der saman med tomme skjel i ulike fargar og mønster. Ved nordenden av bukta fann eg den finaste teltplassen eg hadde sett på heile turen. Partiar av grønt gras med god plass for telt, vel skjerma av skråninga bak og buskane omkring, men med flott utsyn utover havet. Bålved var det og. Hadde det ikkje vori so tidleg på dagen, ville eg ha slegi opp teltet der med ein gong. Etter ein times tid reiv eg meg laus frå det fagre synet, men love meg sjølv å stoppa her ein annan gong.

Attende på hovudvegen sørover passerte eg gjennom ein gamal gruveby, Zeehan, utan å stoppa. Han hadde nok sett betre dagar, og hadde ikkje akkurat utsjånaden med seg. Den neste byen eg kom til var Strahan, ein langt meir attraktiv plass med ein veksande turistindustri og ein perfekt naturleg hamn, vel skjerma frå storhavet. Med om lag 7000 inbyggjarar er dette den største byen på vestkysten av Tasmania, og den einaste av nokon storleik. Frå Strahan dro eg ut til Ocean Beach, den lengste stranda i området, mange kilometer lang. Diverre er stranda og ein samlingsstad for motorsyklar og firehjulsdrivne køyretyg, og ikkje ein meter sand var utan hjulspor av ulike slag. Ved det lokale kampingområdet var det ikkje fred å få. Heile tida kunne ein høyra trafikken til og frå stranda. Eg angra litt på at eg ikkje hadde sett opp teltet ved Trial Harbour, men då natta fell fann eg eit hostel i Strahan. Natta var uvanleg uroleg, med trafikk inn og ut båe ved klokka tolv og klokka to på natta. Ein av gjestane ”saga tømmer” heile natta, og berre med øyrepluggar og maske var det mogleg å få blund på auga.

23. april 2003:

Dag 5:

Klokka halv seks hadde eg og fått nok. Noko hadde nettopp landa med eit pang på golvet, sikkert i protest mot snorkinga. Eg pakka ned soveposen og sette ny rekord i tidleg start. Løna var ein vakker morgon og tomme vegar. Einaste veg vidare gjekk no austover, bort frå kysten og innover i landet. Klokka sju nådde eg Queenstown, nok ei gamal gruveby omgjeven av trelause høgdedrag. Eg fann lite av interesse, og stoppa berre for å fylla bensin. Då det var gjort, bar det vidare austover. På den andre sida av åsane hadde skogen overlevd, og landskapet var atter grønt og inviterande, med fjelltoppar synlege i det fjerne. Tre sto som mystiske skuggar i den drivande skodda, og strålar av solljjos gav lufta ein varm glød.

Vegen var no kalla The Lyell Highway og gjekk gjennom noko av den villaste og mest urørte naturen på heile øya. Ei av elvene i området, The Franklin River, vart redda frå vasskraftutbyggjing etter ein av dei største protestaksjonane i Australias historie. Dei tasmanske styresmaktene vart til slutt tvinga til å gje opp dei destruktive planane sine av ei nyvald føderal regjering. Dei fleste andre vatn og vassdrag var ikkje so heldige. Det er lita tvil om at Tasmania har noko av den flottaste naturen på den sørlege halvkule, men det kan verka som om styresmaktane har gjort alt dei kan for å rasera desse naturperlane. Berre etter at verneorganisasjonar som The Wilderness Society kom på bana vart større område verna. Men i Tasmania er nasjonalparkstatus inga garanti for varig vern. Lake Pedder vart sett under vatn og omvandla til eit kraftmagasin på 1970-talet, trass i at dette var den fyrste og kan hende den vakraste nasjonalparken i Tasmania. Framtida vil visa kva parkgrensene er verde.

Etter ei stund fann eg ein parkeringsplass der ein vel definert sti skulle leia opp gjennom skogen til eit høgdedrag med god vidt utsyn. I Tasmania og New Zealand er stiar ofte svært so velutstyrde, med planker over den miste pytt og trappetrinn med rekkverk og det heile. Sjølv om dette kan vera bra for eldre og uføre, trur eg dei ofte går for langt i sin

iver etter å tilretteleggja natur for turisme. I dag kan ein køyra nesten overalt i verda, og intime tråkk gjennom urørt villmark har er mange stader historie. Turistforeninga i Noreg har heldigvis ikkje vorti frista til å bruleggja kilometer etter kilometer med impregnerte plankar og hønsenetting.

Etter eit kvarters tid sto eg på ein plattform med vidunderleg utsyn over ein skogkledd dal der Franklin-elva brusa og fri og vakker djupt nede mellom trekronene. I vest reiste Frenchman's Cap seg frå fjerne skogar, kvit og fristande. Det pussige namnet har sin grunn i den underlege formen toppen har. Dette fjellet er eit av dei mest velkjende i Tasmania. Lite etter norske tilhøve, men sikkert vel verd den to dagar lange turen til toppen. Under meg dro brisen tynne slør av skodde gjennom elvedalen, og skjøre regnboger kom og gjekk i ljoset frå det stigande sola. Dette var eit av høgdepunkta på turen, det var sikkert.

The Lyell Highway tok meg vidare austover, forbi avkøyringa til Cradle Mountain National Park. Her var det med eitt svært so mykje folk å sjå, båe i bilar og til fots. Etter ein lynrask tur opp til nasjonalparksenteret dro eg attende til hovudvegen. Som eg hadde frykta krydde det av turistar der oppe, og som i alle dei andre parkane i Tasmania måtte ein betala inngangspengar berre for å ta ein kikk. Det var vel slik dei finansierte all plankeleggjinga av stiane, tenkte eg stille. Me er priviligerte i Noreg som enno so lett kan finna fjell der ein kan gløyma omverda for ei tid, fjell der heilo og elv og ditt eige hjarta gjev røyst og rytme til tidlaus stille. I Tasmania er telting ofte forbode, likeso bålbrenning. Det er for lite land og for mange turistar, især om sumaren. I Noreg gjev allemannslova oss ein fridom folk i mange andre land berre kan drøyma om. Me kan leva nomadelivet som frie fjellvandrarar so lenge me lystar, jakta og fiska og hausta av naturen på andre måtar, setja opp teltet der det passar oss og nyta varmen frå leirelden. Dette er ein fantastisk fridom, ein fridom som allereie er under press. Aldri kan me gløyma kva for ein skatt dette er, for kring oss rådar pengemakta, og fell me alle i svevn vil dette snart høyra fortida til.

Riksvegen slynga seg vidare mot Mid-Tasmania, og skog og villmark vika for ope, bølgande sletteland og dalar med lauvtre i finaste haustdrakt. Sola sto høgt på himmelen då eg fann eit lite, bortgøymd dalføre kalla Ellendale. Eg spotta eit skilt til "The Platypus Cottage", og undra kva eg villa finna. Mellom dei grøne beitemarkene og dei skogkledde høgdene låg ein liten gard lunt og vel skjult frå omverda. Ein velhalden hage ynskja meg velkomen, og eigaren peika ut eit lite hus nokre meter unna. Han budde aleine på garden no, og hadde nyleg bygd Platypus-hytta for å tena litt ekstra. Hytta hadde alt ein kunne ynskja seg av saker og ting, og var vel verd prisen. Som ein bonus kom eigaren over med brød, smør, mjølk og nyplukka sopp. Om ikkje lenge måtte han fara til gravferd, men me hadde ein hyggjeleg prat likevel. Seinare vandra eg omkring på garden, gjennom haustgult lauv og mellom tre fulle av saftige eple. Ei søt ange av velmogen frukt hang i lufta, og ei lita å klukka og lo og spela muntert med ljoset frå sola. Frå ei grein hang ei gamal, verbiten huske, eit minne om leik som ein gong var. Oppe i eit anna tre hadde nokon bygd ei lita hytte, og på andre sida av åa stod ei kjerre aleine i det høge graset. Ein gong hadde borndom fylt lufta her med song og lått, no vaks tre og blomar i stille einsemd. Sansane kunne kjenna tida her, menneskelivet, våren og hausten i eitt. Auga blinka og fanga nye land.

24. april 2003:

Dag 6:

I grålysninga dagen etter sette eg kurs for Mount Field National Park, eit lite fjellområde der det skulle vera mange små vatn og nokre fine turstiar. Grusvegen opp til parkgrensa byrja langt nede i dalen, ein halv time frå Ellendale, og var ei oppleving i seg sjølv. Bilen sleit seg opp dei bratte, svingete bakkane til me nådde enden av vegen, femten kilometer seinare. Skodda var mykje tjukkare enn venta, men eg vona ho snart ville løysa seg opp i varmen frå sola. Landskapet omkring var fullt av ur og kampesteinar, men dekka av fjellaukalyptus med krokete greinar og rustspetta bark. Ruta gjekk bratt opp gjennom fjellskogen og opp til eit par skihytter eigde av University of Tasmania. So ulendt som

terrenget var her verka det usannsynleg at ein australsk vinter ville gje nok snø til godt skiføre. Ikkje langt unna var eit utkikkspunkt, men av landskapet djupt under var berre delar av eit vatn synlege gjennom tåka. Rett etter kom eg opp over skoggrensa og inn på nok ein rute dekka av plankebruer. Støvelsålene slo mot treverket og laga irriterande mykje lyd. Men verre var det at skodda var like tjukk som før. Det var berre å snu. Eg kunne dra til Styx Valley istaden, ein dal der ein skulle kunne finna nokre av verdas høgste tre. Overalt ellers på øya hadde slike kjempetre vorti kutta ned av skogsindustrien, og sjølv i denne avsidesliggjande dalen breia flatehogsten og plantasjeskogen seg. Ei brosjyre utgjevi av The Wilderness Society indikerte at ein her ville få sjå ei lite oppløftande side av Tasmanias naturforvaltning, men at dalen enno var verd å vitja.

Det vart snart klart at dette var ein attraksjon styresmaktene ikkje ynskja at folk skulle finna fram til. Ein anonym skogbilveg utan skilt av noko slag forsvann inn i skauen nokre minutt vestafor den vesle bygda Maydena. Etter om lag tohundre meter på denne vegen dukka eit skilt opp, sjølvsagt usynleg frå hovudvegen. Eg vart og åtvara om at lastebilar med tømmer ikkje er noko å spøkja med. Desse har og andre ”namn” i Tasmania. Min favoritt er ”Weapons of Mass Destruction”.

Vegen gjekk djupt innover i skogen, forbi talrike sidevegar og fleire hogstfelt. Langt om lenge kom eg til staden der dei høgste trea skulle vera å finna. Ein sti leidde meg inn i skogen, inn i halvmørkret under trekronene. Foresty Tasmania hadde nytta alle høve til å leggja ut om kor miljøvenlege hogstmåtane deira var, og kor mykje papir treverket frå ein av kjempane kunne gjeva. Eg tykte det var fleire infoskilt enn stortre å sjå. Det vart snart klart at dette reservatet var fullt av propaganda frå skogsindustrien. Etter vel fem minutt kom eg til det som skulle vera det største treet i heile dalen. Ved sida av dei mosegrodde røtane var eg som ein dverg. Over meg steig stammen rakt mot himmelen, opp mot det blendande ljoset. Dette treet skulle raga meir enn 85 meter over bakken, men det var vanskeleg å sjå slik ein høgd frå bakken. Likevel, ein oppleving var det. Om alle turistane lenger nede i dalen fann vegen hit, ville kan hende styresmaktene få auga opp og redda dei andre kjempane i dalen før det berre er treflis att.

Frå Styx Valley dro eg attende til hovudvegen, og derfrå sørover og inn på riksvegen til Hobart. Eit par timar seinare hadde eg passert hovudstaden utan problem og kunne nyta synet av den fagre kysten.

Rett før det mørkna fann eg ein gard med nokre spartanske, men rimelege hytter. Endeleg kunne eg ta ein god kvil og planlegga neste dag. Under nokre gamle gjestebøker låg ei gamal lefse med omtalar av familievenlege fotturar i området. Den mest interessante var Mystery Creek Cave, ei avsidesliggande og lite kjend hole der det skulle vera meir enn 30 meter mellom tak og golv, og mengder av ”glowworms”, eldormar. Ho skulle vera trygg for familiar med born, og eg ergra med over at eg ikkje hadde tatt med meg ei skikkeleg lykt. Men no visste eg i alle fall om dette.

Utanfor hytta hadde natta omfemna landskapet. Nokre fjerne ljos frå gardane omkring sto som fyrlykter i mørkret, kringsette av eit svart og ukjend hav. Kor vane me er til å alltid ha ljos kring oss, tenkte eg undrande. Ikkje var det rart at forfedrane våre såg både tussar og troll om natta. Dei levde i ei anna verd, ei verd der flammane frå elden kunne skilja mellom liv og daud, og mørkret aldri var meir enn meter unna.

Eg kom i hug fyrste natta eg telta langt frå folk, langt frå gløden frå by og bygd. I nord lova himmelen ein ny dag, men kring meg låg åsane svarte mot den mørkeblå kvelven. Slik hadde tallause generasjonar sett verda, slik hadde naturen minna dei om universet og gjevi eld til fantasien. Slik låg himmelen og no, i eit hyrne av verda kalla Tasmania. Inga stjerneskot flaug over kvelven denne natta, ingen måne hang over trekronene. Berre det dimme ljoset frå stjernene skilde himmel frå land.

25. april 2003:

Dag 7:

Då dagen kom til dalen var han atter kledd i drivande alveull, spunnen frå minnet om sumar og lovnaden om frost. Kursen vart sett for Hartz Mountains National Park, eit lite fjellområde berre ein time frå Geeveston, ein liten by nokre kilometer lenger sør. Ute i sjøen ved bygda Cygnet kunne eg sjå nokre av dei sirkelrunde mærane der Tasmanias atlantiske laks skulle kome frå. Ideen om lakseoppdrett her var visstnok ein norsk ide.

Klokka var knapt åtte då eg passerte igjennom ei knøttlita bygd som tok namnet sitt frå bukta rett ved, Castle Forbes Bay. Her skulle det vera ein rimeleg og god B&B, og eg tenkte å reservera eit rom for neste dag her, sidan vegen var kort til Hobart. Å overnatta her, ikkje lenger sør, ville gje meg meir tid om morgonen den siste dagen. Lonely Planet hadde rett, det var eit sjarmerande lite hus, og då eg ringde på døra vart eg ynskja velkomen, trass i kor tidleg det var. Eg var ikkje i tvil om slik ein stad var vel verd prisen, og ein ”alt du kan eta” frokost var inkludert.

Med overnattingsstad sikra dro eg ned til Geeveston med lett hjarte, og kjende meg som ein konge. Nesten tomme vegar, skjøn natur, ein heil dag fore meg, lystig musikk frå CD-spelaren. Det var eit av desse velsigna augneblinkane fylde av ei kjensle av rikdom og lykke, av ei visse om at ein ikkje kan ynskje seg noko meir.

I Geeveston kjøpte eg motvillig inngangsbillett til parken frå parkkontoret og for vestover mot parkgrensa. Som venta var det snart slutt på asfalten, men eg var van med det no og naut den sprakande lyden av laus grus av sand. Det var lyden av utforsking, av nytt land under hjula.

Då eg nådde enden av vegen hadde eg lagt skodda bak meg, og sola skein frå blå og skyfri himmel. Knapt eit vindpust var det, ein perfekt dag for ein fjelltur. Med fjellstøvlane på beina og niste i skreppa la eg veg. Infoskilta sa fem timar tur-retur, men

mykje av stien var plankelagd, og eg tvilte på at eg ville bruka so mykje tid. Toppen eg var på veg mot, Hartx Peak, var ikkje spesielt høg etter norske tilhøve, berre om lag 1350 meter over havet. Men han såg fristande nok ut, spiss og nesten aleine i landskapet.

Den siste delen av stien gjekk bratt opp gjennom storsteina ur, men det var nok av kraft å henta frå det stadig meir spektakulære utsynet. Toppen var ein smal rygg berre tre-fire meter brei, og på alle kantar hadde eg landskapet djupt under meg. I sørvest såg eg utover Tasmanias største villmark, eit bølgande teppe av grøne skogar. Fjelltoppar vokta den fjerne kysten, og lengst vest låg storhavet som ei blå line i horisonten. Lenge sat eg i einsemd der oppe og lytta til vinden og suset frå elvedalane. Eg tenkte på turen til Gravholstjernet med bestemor og bestefar då eg var berre ein gut, på gauken som gol frå fjellveggane på andre sida av dalen, og eg kom i hug kjensla av å høyra og sjå ei anna verd, ei anna tid.

Etter ei stund kom nokre andre folk opp på toppen, pustande og pesande, men imponerte over utsynet. Fleire var på veg opp, og snart ville roa vera berre eit minne. Det var tid for å dra vidare. Nedturen gjekk fort, og eit par timar seinare var eg på veg mot kysten. Mitt neste mål var Dover, ei bygd lenger sør som skulle ha båe rimeleg overnatting og fine omgjevnader.

Som Lonely Planet hadde indikert var Dover ei vakker lita bygd, omgjeven av saftige, grøne beitemarker og høgreist skog. Rett austafor vegen omfemna landet ein flik skimrande hav, og forma ei sirkelrund bukt der stille vatn vaska over flekkar av kvit sand. I vest reiste eit fjell seg aleine over skogen, tona blått av den svinnande dagen. Eg gjekk inn i Dover Hotel, den lokale puben, for å høyra om dei hadde ledige rom. I Australia er ”hotel” ofte synonymt med ”pub”, sidan folk som ville setja opp eit drikkehol ofte bygde nokre hotellrom og, påskot til å søkja om skjenkeløyving.

Eg fekk eit greitt rom i anna etasje, men det var eit par timar dagsljos att, og eg sette meg inn i bilen att og for vidare sørover. Ikkje lenge etter kom eg til Southport, ei samling av ferieheimar ved ei bukt like fager som den ved Dover. Stranda der var strødd med tomme

tårnsneglhus, svakt fiolette i vatnet. Oppe mellom husa var det liv å sjå, båe vaksne og born, sikkert på påskeferie. Men skildringa av Mystery Creek Cave freista meg til å dra endå lenger sørover, inn på den sørlegaste vegen i Australia. Ein grov og humpete grusveg leidde meg forbi Lune River, ein gong eit sentrum for gruvedrift i området. No var det berre eit eit par hus og ein gamla skinnegang att. Ein anna grusveg tok av frå den fyrste og skar innover i landet, flankert av tjukk, jungellik regnskog. Etter ei stund kom eg til enden av denne avsidesliggande vegen, og vart ikkje so lite overraska over å finna tre andre bilar parkerte der. Eg dro på meg støvlane for andre gongen den dagen, og ergra meg over at eg ikkje hadde noka skikkeleg lykt med meg. Men det fekk so vera. Eg kunne i alle fall ta ein titt. Inn i skogen bar det, forbi eit skilt som markerte grensa av Tasmanias Southwest National Park. Dette var ein sti med personlegdom, med gjørmepyttar og falne trestammar. Mange digre, mosegrodde trestubbar sto inne mellom dei yngre trea, vitne om hogsten som hadde skjedd her for meir enn eit halvt hundreår sidan.

Eg var usikker på kor langt inn i skogen opninga til hola låg, men etter om lag eit kvarter kom eg til eit skilt. Her delte stien seg i to. Ein sti var del av ei lengre rute gjennom nasjonalparken, den andre skulle gå rett til hola. Etter nye fem minutt høyrde eg endeleg lyden av brusande vatn, og den før so flate stien fann ei bratt skråning. Med eitt vart eg var nokre svarte skapnader føre meg, somme oppe i trea, andre nede på bakken. Dette var fuglar av ein type eg aldri hadde sett før, men då ein av dei kom nær nok til at eg kunne sjå fleire detaljar kjende eg att den lange, velforma halen. Dette var lyrebirds, svarte som kol og av same storleik som fasanar. Men hola venta. Der den bratte skråninga enda rann ein bekk inn i eit mørkt gap i fjellet. Eg mobiliserte det eg hadde av mot, og følgde straumen av vatn varsamt innover til opninga eg kom inn gjennom berre var ein rift av ljos i mørkret omkring meg. Den vesle lykta eg hadde med var til lite hjelp, og eg kunne berre ane steinane føre meg. Alt eg høyra var suset frå vatnet, forsterka av holeveggane. Det var ei stemning av grøss og uhygge, men og av mystikk og eventyr. Det ville vera for vågalt å gå lenger inn utan betre utstyr, so eg stoppa og skrudde av lykta for å betre absorbera den fantastiske atmosfæren. Auga mine hadde no byrja å venja seg til, og over meg, oppe i taket av holegangen, såg eg no tusnar av små, grønlege ljos. Det kunne berre

vera eldormar. Tett i tett sat dei, som stjerner på ein klar nattehimmel. Eg hadde ikkje venta å finna desse skapningane so nær opninga, men her var dei, og eit praktfullt syn var det. Somme forma klynger og konstellasjonar, lik stjernebilete, og so mange var dei at gløden frå dei knappenålsstore ljosa gjorde dei mogleg å ana veggane i hola.

Då eg til slutt reiv meg laus frå dette underet og vassa ut mot opninga, kunne eg ikkje ha vori meir oppspela om eg hadde funni eit skattkammer. Eg visste med meg sjølv at eg hadde funni noko verkeleg unikt, ei hole langt frå masseturisme og tilrettelagde turar, omgjeven av villmark. I New Zealand hadde eg høyrt om fleire "glowworm"-holer, men dei var alle velkjende og sannsynlegvis fulle av turistar. Oppe i skogen var songen frå lyrefuglane eit velkomi avbrot frå alvoret i hola, og eg stoppa for å sjå om dei ville komme nærare. Ein var særs nyfiken, og kom varsamt mot meg til han var under to meter unna. Fleire andre fulgde etter, og snart var eg omgjeven av skvatring og skrik og flaks. Eg snudde sakte på hovudet og talde til minst åtte fuglar. Det var ein spanande avslutning på ein dag full av nye opplevingar.

Vel attende i Dover tinga eg eit klassisk pubmåltid med lammekotelettar, saus og potetar. Mange var folka kring meg var som henta ut av ein saloon i ein western. Her var det alle tenkjelege kombinasjonar av tjafsete hår, langt skjegg og ruskete klær. Spesielt eitt band av "røvarar" mangla berre revolvarar og cowboyhattar. Dei grynta nokre stutte setningar ispedde dei obligatoriske bannorda til gamle kjenningar, og bad bartendaren om meir øl. Andre satt for seg sjølv med ein lett deprimert mine og stira ut i lufta. Litt av ein atmosfære var det, og ikkje so lite komisk.

26. april 2003:

Dag 8:

Dagen etter var min siste fulle dag i Tasmania. For fyrste gong på turen var frontruta på bilen dekka av is, og i mangel av skrape måtte eg setja vifta og varmen på fullt for å smelta han vekk. Då det var gjort, dro eg ned til den lokale brygga og tok nokre bilete av dei sjarmerande fiskebåtane der. Ein fin morgon var det, og soloppgangen var litt av eit syn gjennom sløra av drivande skodde. Lufta var frisk og kald, ikkje ulik ein septemberdag i Noreg, og ein velkomi avbrekk frå dei monotone temperaturane i Sydney. Seinare tok eg ein guida tur gjennom ein av dei meir velkjende holene nær Southport, men denne turen var eit langt gjesp samanlikna med kva eg hadde sett dagen før. Etterpå dro eg ned til Cockle Creek, so langt sør det er mogleg å koma utan ein firehjulsdriven bil. Det var tid for å bu seg på reisa til Sydney neste dag, og i firetida var eg attende i Castle Forbes Bay. Etter ein prat med verten, ein hyggeleg kar frå Cornwall, slappa eg av i gjestestova med ein videofilm og varme i peisen. Eg hadde aldri sett ein meir velutstyrd B&B. Titals av bøker, ei hylle med musikkskiver, boller med skjokoladeegg og konfekt på bordet. Ein særs eigenarta stad var det og. Overalt, på veggane og hyllene, på skap og bord, var ulike raritetar og dekorasjonar, somme av europeisk opphav, somme med ein meir eksotisk utsjånad, ein morosam miks av ulike kulturer. Eg la ein ny vedkubbe inn i dei raudgule glørne, kraup opp i den mjuke sofaen og hadde det som musa i sveitserosten.

27. april 2003:

Dag 9:

Returen til Hobart flyplass tok berre litt over ein time, og gjekk utan problem av noko slag. Etter litt venting var det berre å setja seg på flyet. I Sydney plaska regnet ned, og eg vart minna om kor heldig eg hadde vori med veret i Tasmania. Alt i alt hadde det vori ein

flott tur, og eg kunne godt tenkja meg å returnera seinare. Snipp, snapp, snute, eventyret ute – for denne gongen.